



## Notat

### Statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar

Notatet er drøftingsgrunnlag til kommunane knytta til regionrådet sitt arbeid med å utvikla og etablera nye statlege og fylkeskommunale verksemder. Notatet viser til aktuelle dokument og retningslinjer, stikkord til vidare arbeid med temaet. SWOT-analysen (styrkar, svakheiter, moglegheiter og truslar) frå ordførarmøte i august er teke med. Det er i denne omgang ikkje teke med utdanningsnivå, kompetansemiljø eller oversikt over statlege arbeidsplassar.

#### 1 Innleiing

Sogn regionråd sin regionalplan for 2013-2016 definerer satsingsområde for perioden. Eitt av måla i regionalplanen er å utvikla eksisterande statlege og fylkeskommunale verksemder og leggja til rette for etablering av nye statlege verksemder/avdelingar. Strategiane er å byggja på våre fortrinn, samarbeide om profilering/rekruttering, følgje med på trendar om eventuell utflytting av statlege verksemder og utvikla dialogen og samarbeidet for å betre attraktiviteten og utvikle tenestesamarbeidet.

Vidare vekst i statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar i Sogn

##### Mål

Utvikla eksisterande statlege og fylkeskommunale verksemder og leggja til rette for at dei har gode tilhøve for vidare vekst. Leggja til rette for etablering av nye statlege verksemder/avdelingar

##### Strategiar

Byggja på våre fortrinn

Samarbeida om profilering /rekruttering

Følgje med trendar frå sentralt hald om eventuell utflytting av heile eller delar av statlege verksemder

Kommunane utviklar dialogen og samarbeidet for å betre attraktiviteten og utvikla tenestesamarbeidet

##### Tiltak

Få fram fortrinna og påverka avgjerdstakar slik at Sogn held på og trekker til seg nye statlege og regionale arbeidsplassar

Ansvarleg: Sogn regionråd  
Ressursar: Eigne og kommunane  
Tid: Løpande

I regionalplanperioden frå 2013 til no har rådet sendt følgjande fråsegner i høve statlege arbeidsplassar:

- Støtte til at valeining vert lokalisert til Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) i Leikanger – brev til Kommunal- og regionaldepartementet av 30.9.2013.
- Støtte til at arbeidsgjevarkontrollen vert lokalisert til Årdal – brev til Skatt Vest av 20.11.2013.
- Vurdering av domstolstrukturen for tingrettar og jordskifterettar – brev til Domstoladministrasjonen av 29.10.2015
- Organisering av domstolane i Sogn og Fjordane – brev til Sogn og Fjordane tingrettar av 22.2.2016.
- Utgreiing av ny kontorstruktur for Skatteetaten – brev til Skatteetaten av 22.6.2016

## Byregionprogrammet

Kommunane Leikanger, Sogndal og Luster samarbeider om Byregionprogrammet<sup>1</sup>. Eitt av tre tema i utviklingsprosjektet er: Korleis kan kommunane bidra til å sikre eksisterande, og leggje til rette for nye, statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar i kommunane? Rapport om samfunnseffektane av dei ulike prosessane som skjer vil vera klar i september.

## 2 Statleg lokaliseringpolitikk

Statleg lokaliseringpolitikk er ein del av regionalpolitikken og eit direkte virkemiddel som regjeringa rår over for å påverka den regionale balansen<sup>2</sup>. I samband med kommunereforma har debatten rundt statlege arbeidsplassar blitt aktualisert blant anna gjennom vedtak i Stortinget. Retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar er fastsett ved kongeleg resolusjon 28.11.2014. Omtale av retningslinjene og sentrale dokument som gjeld statlege arbeidsplassar følgjer vedlagt.

## 3 SWOT-analyse

Stikkord frå diskusjonen i ordførarmøte om styrkar, svakheiter, moglegheiter og truslar for Sogn med omsyn til å behalda/etablere fleire fylkeskommunale og statlege arbeidsplassar<sup>3</sup>. Dette som bakgrunn for vidare arbeid med strategiar og gir innsikt i kva som er regionen sine fortrinn.

| <b>Styrkar</b>  | <b>Svakheiter</b>   |
|---|---|
| Stabil og lojal arbeidskraft  | For lite variasjon med arbeidsplassar, spesielt for to                                    |
| Gode, attraktive bumiljø – til overkommeleg pris, gjeld og husleige | Feil næringsstruktur i delar av regionen – likevel stor breidd i regionen samla           |
| Mange kraftkommunar- god kommuneøkonomi                             | Kommunikasjon internt aust-vest, nord-sør men likevel mindre enn 45 minutt for dei fleste |
| Kommunale tenester med høge kvalitetar                              | Fiber- og mobildekning yttarst i regionen   |
| Rik på naturressursar   | Litt svak kommunikasjon til Oslo  |
| Gode kommunikasjonar ut av regionen                                 | Aldersamansetjing   |
| Mange naturbaserte fritidstilbod                                    | Etablert miljø relativt små   |
| Verdas beste reisemål (FjordNorge)                                  | Mangel på privat leverandørmarknad og tilgong på privat kapital                           |
| Gode karrieremoglegheiter for to                                    | Litt filialiserte, manglar private gründerar/innovatørar                                  |
| Sterke, etablerte fagmiljø  | For lite kunnskap i landet for øvrig «Ute på bondelandet»                                 |
| Etablerte miljø går godt  | Omdømme som «litt spesielle»  |
| Korte avstandar mellom sentrale kompetansmiljø                      | Gode på mottak/integrering av nye landsmenn, svakare med omsyn til arbeid                 |
| Relativt god kompetanse   |   |
| Kompetansetilgangen svært god i forhold til samanliknbare regionar  |   |
| Relativt låge levekostnader   |   |
| Sterke miljø: Skule, høgskule, offentlege arbeidsplassar, reiseliv  |   |
| Køfritt – og «det gode liv»   |   |

<sup>1</sup> <https://distriktssenteret.no/2014/03/17/sogndal/>

<sup>2</sup> <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/lokaliseringspolitiske-erfaringer/id542896/>

<sup>3</sup> Frå diskusjonen i ordførarmøte 18.8.2016 om styrkar, svakheiter, moglegheiter og truslar

| <b>Moglegheiter</b>   | <b>Truslar</b>  |
|---|---|
| Regionreforma – vekst<br>Digitalisering – Hordaland /Rogaland ein stor marknad, Sogn nærmare Bergen enn Sunnfjord/Nordfjord<br>Styrka fagopplæring – vidaregåande skular<br>Kundesenter- teknologi<br>Statleg desentraliseringspolitikk<br>Klyngeeffekt; Sogndal Campus og Leikanger (?)<br>Bru mellom indre/ytre og midtre del av regionen vil styrke arbeidsplassmarknaden<br>Voss-Vik tunnel gir kortare reisetid til/frå Bergen<br>Friluftsliv<br>Samle næringsapparatet?<br>Ambassadørar i folk som utdannar seg i regionen + folk frå regionen som er stolte av heimlassen<br>Det grønne skiftet; bruken av kraftressursane | Regionreforma – Førde tek «alt»<br>Sentralisering mot Bergen - bergenserane sitt syn på seg sjølve<br>Kampen om vegkronene – intern usemje om prioriteringane<br>Folketalsutvikling<br>Ulikt utgangspunkt med omsyn til å forstå kvarandre sine utfordringar<br>Kvar kommune seg sjølv nærast<br>Strukturendringar; sentralisering på statleg/regionalt nivå gir færre arbeidsplassar<br>Fagmiljøa kan verte for små<br>Satsing på storbyregionar på kostnad av distrikta<br>Ringverknader av eit enkelt fagmiljø forsvinn<br>Tap av leiarskap i statlege /fylkeskommunale institusjonar<br>Teknokratisk/bedriftsøkonomisk tilnærming til avgjerder om etablering/vedlikehald av offentlege arbeidsplassar<br>Mangel på innovative miljø med omsyn til å skapa nye offentlege arbeidsplassar<br>Mangel på politikarar i posisjon<br>Mangel på industrikompetanse blant sentrale politikarar<br>Tafatte fylkestingsrepresentantar frå Sogn |

## 4 Påverknadsarbeid

Erfaringane viser at flytting, omfordeling og/eller nyetablering av statlege arbeidsplassar utafor Oslo og dei andre større byane er krevjande. Det er sterke motkrefter, politisk og administrativt. Den siste store utflyttinga av statlege arbeidsplassar skjedde i 2002. Då vart 900 arbeidsplassar flytta ut av Oslo. I samband med kommunereforma har debatten rundt statlege arbeidsplassar blitt aktualisert blant anna gjennom vedtak i Stortinget. Enn så lenge er det dei statlege retningslinjene for lokalisering av statlege arbeidsplassar som gjeld.

Telemarksforsking har gjennomført ein forstudie om etablering av statlege arbeidsplassar i Tinn<sup>4</sup>, som kan vera relevant for Sogn å sjå nærare på:

1. Det er viktig med semje. Anten det gjeld politisk semje i regionen om at dette skal ein satse på, eller semje om lokalisering. Det er lettare for statlege styresmakter å avvise eit alternativ kor det er tydelege lokaliseringskonfliktar til fordel for område kor semja er stor.
2. Det må forteljast ei positiv historie. Trekk fram det positive (kompetansemiljø, tilgjengelege bustader mv) framfor gamle løfter om at regionen eller kommunen «fortener» nyetableringar.

<sup>4</sup> <https://www.telemarksforsking.no/publikasjoner/filer/2972.pdf>

3. Gode alliansepartnarar lokalt og regionalt. Nabokommunar, fylkeskommunen, Stortingsbenken som kan vera gode døropnarar inn i departement og andre instansar.

4. Tydelig rolleavklaring i arbeidet. Tydeleg rolleavklaring er viktig. Det er ikkje «berre» politikarar, administrasjon eller andre som har ansvar. Det bør vera godt samspel mellom grupperingane.

5. Oversikt og oppdatert kunnskap. Det vil vera ein fordel om det er ein person som har eit særleg ansvar å arbeide med etablering av statlege arbeidsplassar over ei periode og som held seg oppdatert på det som skjer nasjonalt gjennom arbeid i departementet, underliggande etatar og Storting.

6. Tolmod. Påverknadsarbeid tek lang tid, og ein kan ikkje forvente å få resultat det første året. Det vert også peika på at arbeidet ikkje nødvendigvis blir styrka av mykje mediemerksmd. Det er betre om det blir arbeidd i «det stille» fram til ein har resultat å vise til. I tillegg må ein vere på, og gjenta budskapet til dei same menneska fleire gonger.

7. Hold strategien. Det blir ei strategisk vurdering om ein skal satse på nyetableringar og/eller «organisk» vekst av eksisterande. Vidare må ein vurdere om ein skal satse på større eller mindre einingar.

8. Infrastruktur må vere på plass. Det må synleggjerast at ein rekrutterer den kompetansen som trengst, det er tilgjengelege bustader, byggeklare tomter, kontorplassar og god fiberdekning. Reknar med at det finst tilstrekkeleg med materiale for dette allereie.

På ordførarmøtet 18. august fekk ordførarane fylgjande råd for påverknadsarbeid med omsyn til å behalde og etablere fleire fylkeskommunale og statlege arbeidsplassar i regionen:

- Ha eit avklara forhold til kva de ynsker å oppnå
- Opptre felles og koordinert – avklar intern usemje på førehand
- Sett av tilstrekkeleg med byråkratiske ressursar – dann ei styringsgruppe
- Opptre smart i det politiske landskapet – gå mot dei som har makta i landet og i fylket
- Skaff dykk «riktige» alliansepartnarar – få dei med god «inngang» til makta til å tale Sogn si sak
- Ikkje syt og klag! Presenter løysingar på det som er «motpartens» utfordring/problem
- Ver klare på kva som er regionens komparative fortrinn – snakk Sogn opp, ikkje dei andre ned
- Bruk media strategisk – ikkje «i tide og utide»
- Tenk «timing» - kom på banen med løysingar på tema som kjem på den politiske agendaen
- Jobb målretta med kompetansebygging og infrastruktur medan prosessane går sin gong
- Ver tolmodig – hold strategien!

Ordførarane vart og minna om at digitaliseringa i delar av den offentlege tenesteproduksjonen vil få konsekvensar for organisering og bemanning i framtida. Regionen treng meir kunnskap om korleis ein skal møte denne utfordringa for å oppretthalde og utvikle etablerte fagmiljø.

## 5 Drøfting på ordførarmøte 18. august - oppsummering

Ordførarane drøfta temaet i ordførarmøte 18. august og konkluderte med at det bør lagast ein felles strategi for å behalde og etablere fleire statlege arbeidsplassar i Sogn. Dette er mellom anna basert på ei erkjenning av at samla folketal ikkje er meir enn 31 000 personar og at tilveksten samla er låg. Dei ni kommunane er kvar for seg for små og svake til å føre kamp for fleire offentlege arbeidsplassar åleine, men kan saman ha styrke til å vinne dei viktige og prioriterte «slaga». Det vart understreka at tanken om å lage ein felles strategi på området må vere forankra politisk i kvar kommune.

Strategiutvikling med omsyn til å behalde og etablere fleire offentlege arbeidsplassar i Sogn bør vurderast i samband med rullering av regionalplanen. Strategien bør seie korleis regionrådet kommuniserer innhaldet og korleis arbeida for å påverke avgjerdstakar. Kva er vi gode på, kva er dei gode argumenta, kva er dei «gode historiene» og kven er aktuelle alliansepartnarar.

I drøftingane på ordførarmøte vart det understreka kor viktig det er å opptre felles og koordinert i arbeidet med statlege arbeidsplassar. Det betyr å avklara intern usemje på førehand og at ein står samla i alt frå høyringsfråsegner til direkte dialog med dei som tek avgjerder. Det er og viktig at Sogn med omsyn til statlege arbeidsplassar, etablerte og framtidige, har ein strategi som er koordinert med dei andre regionane i fylket.

I drøftingane vart det peika på fylgjande strategiske utfordringar:

- Behalde og utvikle dei offentlege arbeidsplassane som er i regionen
- Behalde fylkesmannsembedet i samband med eventuell etablering av Vestlands-region
- Kunnskap om konsekvensar om digitalisering
- Tiltak som kan betre innovasjonskrafta i regionen
- Framtida for helseforetaka
- Rekruttering til fagskular – samla strategi i regionen for vidaregåande opplæring

Kommunane eller Sogn regionråd bør bygge administrativ og politisk kapasitet til å følgje godt med på området. Prosjektlear kan leigast inn til å følgje arbeidet. Det kan vera aktuelt å danne ei styringsgruppe som har ansvar for arbeidet, samt utarbeide ein strategi for vidare arbeid og ein plan for korleis påverknadsarbeidet kan gjennomførast. Det må gjerast ei vurdering om det er aktuelt å samle dei statlege leiarane for å drøfte moglege satsingsområde, evt. om rådet sitt arbeid blir samkøyrte med byregionprogrammet sitt arbeid.

## 6 Framlegg – handsama i rådsmøte 16. september

Notat med framlegg om lage ein felles strategi for å behalde og etablere fleire fylkeskommunale og statlege arbeidsplassar vert sendt formannskapa i kommunane i forkant av felles formannskapsmøte 30. september.

Sogn regionråd slutta seg til fylgjande i møtet 16. september 2016:

Regionrådet går inn for at det vert laga ein felles strategi for å behalde og etablere fleire fylkeskommunale og statlege arbeidsplassar i Sogn. Notat med framlegg vert lagt fram og drøfta på felles formannskapsmøte i regionen 30. september.

Sogndal, 16.9.2016

## Vedlegg

# Statleg lokaliseringspolitikk

## 1. Statlege retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar

Den statlege lokaliseringspolitikken skal, ved oppfølginga av desse retningslinjene, medverke til

- ei fordeling av statlege arbeidsplassar som bidreg til å utvikle robuste arbeidsmarknader i alle delar av landet
- lokalisering av statleg tenesteproduksjon som i størst mogleg grad sikrar befolkninga i alle delar av landet god tilgang til statlege tenester
- at nye og omlokaliserte statlege verksemder i hovudsak blir lokaliserte utanfor Oslo
- at kostnadseffektivitet og effektiv oppgåveløysing vert inkludert i vurderinga av lokaliseringsalternativ

Retningslinjene gjeld ved

- oppretting av nye verksemder, inkludert nye statlege verksemder som blir etablerte på grunnlag av personale frå eksisterande verksemder
- omlokalisering av verksemder og oppgåver som følgje av bl.a. strukturendringar og rasjonalisering
- etablering av nye einingar eller utviding som følgje av nye oppgåver, under eksisterande verksemder
- Det kan gjerast unntak frå dei to siste punkta ved mindre endringar og justeringar i eiga verksemd.

Det blir presisert at retningslinjene ikkje gjeld for klart tidsavgrensa eller mellombels oppretta arbeidsplassar, for kollegiale organ som råd og utval og ved omlokalisering som følgje av utgåtte leigekontraktar.

I praksis gjeld retningslinjene ved nyetablering av statlege arbeidsplasser, og ikkje ved utvidingar av eksisterande verksemder.

Dei statlege retningslinjene gjeld først og fremst nyetableringar. Dersom det skal skje ei omfattande flytting av arbeidsplassar ut av Oslo, så må dette skje gjennom eit fleirtalsvedtak på Stortinget. I samband med arbeidet med den pågåande kommunereforma har dette vore tema i dei polistiske miljøa.

Retningslinjene legg opp til at følgjande sett med kriterie skal vurderast:

- Krav til nærleik til tenesta
- Kompetansekrav til dei som skal utføre arbeidsoppgåvene
- Krav til infrastruktur, nærleik til andre typer fagmiljø, offentlege styresmakter mm
- Særskilt om føremålet med lokaliseringspolitikken
- Kostnadseffektivitet og effektiv oppgåveløysing

Som ledd i strategiarbeidet bør det gjerast ei vurdering av desse kriteria sett i høve fordelar og ulemper for sognregionen.

## 2. Statlege arbeidsplassar – sentrale dokument

### Stortingsmeldinga om kommunereforma – merknad frå fleirtalet

Ved handsaminga av stortingsmeldinga om kommunereforma (Meld. St. 14 2014.2015) i Stortinget i juni 2015, la fleirtalet med Frp, H, V og Krf inn ein merknad om det regionale folkevalde nivået. Som ein del av denne merknaden skreiv fleirtalet følgjande: *«Dette flertallet er vidare enige om å be regjeringa i meldinga om det nye regionnivået drøfte tiltak for å sikre at flere statlige arbeidsplasser lokaliseres i hele landet. Dette for å styrke vekstkraft i alle regioner og bygge opp under eksisterende kompetansemiljø.»*

### Stortingsmelding om nye folkevalde regionar – rolle, struktur og oppgåver

Regjeringa kom tilbake til dette i Meld. St. 22 (2015-2016) om nye folkevalde regionar – rolle, struktur og oppgåver. I denne meldinga skriv regjeringa at statleg lokaliseringspolitikk er eit virkemiddel for utvikling av vekstkraftige regionar med velfungerande regionsentre, og regional statsforvaltning utgjør ein viktig del av sysselsettinga i mange regionar. Regjeringa legg vidare opp til at det regionale folkevalde nivået kan bidra med viktige vurderingar av ulike lokaliseringsalternativ for statlege arbeidsplassar. Etablering av større regioner vil forenkle ein slik medvirkningsprosess, samt bidra til at vurderingane blir gjort i ein større geografisk og funksjonell samanheng. Det vil bli vurdert eigne bestemmelsar om dette i Retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statlege tenesteproduksjon. Stortingsmeldinga vart vedteken i Stortinget 8.6.2016<sup>5</sup>

Komiteen sine tilrådingar vart vedtekne i Stortinget:

- «Stortinget ber regjeringa sette ned et ekspertutvalg som skal foreslå ytterligere nye oppgaver til regionene når den nye regionstrukturen er fastlagt, og senest våren 2017.
- Stortinget ber regjeringa i regionreforma sørge for at administrasjonen av fylkesvegnettet (deler av sams vegadministrasjon) blir underlagt de nye folkevalgte regioner.
- Stortinget ber regjeringa i forbindelse med regionreforma styrke nytt regionalt folkevalgt nivå's rolle i integreringsarbeidet i forbindelse med sysselsetting og utdanning/kompetanseheving, samt som bindeledd mot kommuner, næringsliv og frivillig sektor».

### Nytt inntektsystem – avtale mellom Venstre og regjeringspartia

I samband med utarbeiding av nytt inntektssystem vart det i forkant av framlegging av kommuneproposisjonen 2017 (prop. 123S 2015-2016) inngått ein avtale mellom regjeringspartia FrP, H og V.

I denne avtalen er det eit avsnitt om dei statlege arbeidsplassane: Avtalepartane er einige om at kommunereforma legg til rette for større kompetansemiljø i heile landet. Arbeidet med å lokalisere nye og eksisterande arbeidsplassar utanfor Oslo skal forsterkast, og ein plan for dette utarbeidast saman med Venstre. Lokalisering skal særleg vurderast i nye regionsentre, også utanom dei store byane. Avtalepartnerane er einige om at denne planen innan utgangen av 2016 vert lagt fram for Stortinget på eigna måte. Det kan spekulerast i kva ein slik plan vil innhalde: Konkrete forslag til kor arbeidsplassar skal etablerast og flyttast ut, kor dei skal flyttast til, ein plan for å kartleggja aktuelle arbeidsplassar, prosess for korleis finna eigna lokaliseringsstad eller ein tidsplan for arbeidet. Det vil vera ein fordel om dette kan undersøkast nærmare via politiske kontaktnettverk.

---

<sup>5</sup> <https://stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Vedtak/Vedtak/Sak/?p=64516>

Nye og omlokaliserte statlege arbeidsplassar skal som hovudregel plasserast utanfor Oslo. Her vert det opna for at også eksisterande arbeidsplassar skal leggjast utanfor Oslo, og at ein plan for dette skal leggjast fram for Stortinget allereie inneverande år. Avtalen seier ikkje om kor mange arbeidsplassar ein ønskjer å omlokalisere, men det vert lagt føringar på at særleg nye regionsentre skal vurderast. Med dette forstås ein nye regionsentre som følgje av kommunesamanslåing.

### Ny fylkesmannsstruktur

Regjeringa vedtok hausten 2014 at det skulle gjennomførast ei utgreiing av framtidig struktur og storleik for fylkesmannen. Kommunal- og moderniseringsdepartementet sende 8.7.2016 ei førebels rapport på høyring med frist 14. oktober 2016. Den førebelse rapporten er ikkje behandla politisk i departementet. Utgreiinga har tre alternative modellar: konsolideringsmodell (14-17), regionmodell (8-13) og landsdelsmodell (4-7). Departementet ber om innspel som vurderer dei tre hovudmodellane og modellane sine eigenskaper. Høyringsfristen er 14. oktober 2016.

### Ny stortingsmelding om bærekraftige byer og sterke distrikt

Parallelt med arbeidet med kommunereformen har også regjeringa starta arbeidet med utarbeiding av ei ny stortingsmelding om bærekraftige byar og sterke distrikt. Det er varsla at denne vert lagt fram for Stortinget tidleg i 2017. Arbeidet er no i ein innspelsfase, og kommunal- og moderniseringsdepartementet har spesielt bedt om innspel på følgjande tema<sup>6</sup>: Vekstkraftige bu- og arbeidsmarknader i heile landet, distriktspolitikk under nye føresetnader, samordna løysingar og attraktive bymiljø og særlige utfordringar i hovudstadsregionen.

Sjølv om det ikkje står skrive noko om lokalisering av statlege arbeidsplassar, så er det høve til å kome med innspel om dette til regjeringa seinast i september.

---

<sup>6</sup> <http://www.byerogdistrikter.no/>

## Referansar

Hjelseth, A. 2016. Offentlige arbeidsplasser i Tinn. Forstudie om etablering av statlige arbeidsplasser. TF-notat nr 23/2016.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet. 2014. Retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon. Fastsatt ved kgl.res. 28.11.2014.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet. 2015. Meld. St. 14 (2014-2015) Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet. 2015. Prop. 121 S (2014-2015) Kommuneproposisjonen 2016. Denne inneholdt en egen meldingsdel med rammene for kommunereformen.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet. 2016. Meld. St. 22 (2015-2016) Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver.

Nilsen, J.K. og Langset, M. 2015. Statens regionale inndeling og kommunesektoren – konsekvenser for samhandling. NIVI-rapport 2015:3.

Øhclckers, J. og Flæte, O. 2012. Statlege arbeidsplassar til Førde- forstudie. Utarbeida av Jan Øhclckers AS.